



# Bygdenytt

eit informasjonsblad frå Valle kommune  
MAI 2025



## PROGRAM FOR 17.MAI 2025 VALLE KOMMUNE

- Kl. 0700: Skramletog frå Eiksenteret, Rysstad. Ta med skramleutstyr og blåser!
- Kl. 1000: Oppstilling av bilar og køyretøy, Rysstadmo industriområde.  
Veterankøyretøy først, så pynta bilar etterfølgd av andre.
- Kl. 1030: Biltog Rysstad - Valle - Rysstad.  
Agder motorhistoriske klubb avd. Setesdal leiar kortesjen.  
Køyrerute: Rv 9 nordover, av Rv 9 ved krysset inn til Einang.  
Homme, Tveitebø, gamle riksvegen sørover, opp til Valle  
bygdeheim og helse med flagg og blåser til bebruarar og tilsette.  
Merk: Venstrekjøring i Leitebakken.  
Stopp ved Valle kyrkje, elevar frå 9.klasse legg ned bautakransar.
- Kl. 1200: Hylestad kyrkje: Tale og kransenedlegging ved bauta ved  
elevar frå 9.klasse. 17.maitoget startar etter kransenedlegginga.  
Allsong «Ja, vi elsker dette landet» framom soknehuset, kulturinnslag  
ved Valle leikarring. Pynta bilar parkerer på oppmerkte plassar.

### HYLESTAD SOKNEHUS:

- Kl. 1200: Matsal startar - lapskaus, pølser, kaker og is
- Kl. 1245: Leikar og aktivitetar startar.
- Kl. 1500: Festprogram  
  - Kulturinnslag ved elevar Valle kulturskule
  - Premieutdeling for skyting og finast pynta bil
  - Tale for dagen ved Torbjørn Frøysnes
  - Utdeling av Valle kommune sin byggjeskikkpris
  - Utdeling av Valle kommune sin kulturpris 2025

Enkel gudsteneste ved prest Toralv Frøysaa Lie i festalen etter at festprogrammet er ferdig.

- Kl. 1800: FAU inviterer til grilling på Valle stadion. Tak med mat, drikke, stolar.

Valle Radio har sending heile dagen. Kulturinnslag og tale for dagen frå kl. 15 og utover blir streama direkte på <https://valleradio.com>.

### VALLE BYGDEHEIM:

- Kl. 1030: Tale ved ordførar Lars Tarald Myrum.  
Kulturinnslag ved elevar og leikarring frå Valle kulturskule.
- Kl. 1130: Ut og sjå på biltoget.
- Kl. 1300: Middag med meir.
- Kl. 1500: Direkteoverføring av festprogrammet i Hylestad soknehus.





## KOMMUNEN INFORMERER

### TT-kort

Søknadsfrist for transporteneste for funksjonshemma 2. halvår 2025 er 15. mai.  
Dei som alt har TT-kort treng ikkje å søke på nyt.  
Dersom du alt har fått kort gjeld dette vidare.

### Bruk av hjartestartar!

I idrottshallen (Vallehalli) vil det måndag 5. mai kl. 17.00 bli ei gjennomgåing av korleis ein brukar hjartestartar.

Valle kommune har fleire hjartestartarar rundt om i kommunen, og flest mogleg bør vite korleis ein brukar desse.

## KULTUR OG FRITID INFORMERER

### Tildeling av utviklingsstipend og kulturmidlar 2025

#### Kulturmidlar 2025 Valle kommune

Søkjar	Tildeling
Fjellro grendelag/grendehus	kr 7 000
Hylestad bygdekvinnelag	kr 7 000
Naturvernforbundet i Setesdal	kr 2 000
Norsk Luthersk misjonssamband Valle <del>allidrettsklubb</del>	kr 6 000
Oveinang grendelag	kr 7 000
Setesdal sogelag	kr 7 000
Setesdal Spelemannslag	kr 8 000
Studieforbundet kultur og tradisjon	kr 7 000
Valle biljardforening	kr 8 000
Valle Jordbruksklubb	kr 4 000
Valle mållag	kr 7 000
Valle pensjonistlag	kr 5 000
<b>Totalt</b>	kr 75 000

Vedteke i Levekårutvalet PS 18/25

### Utviklingsstipend innan idrett og kultur for ungdom 2025

Søkjar	Grein	Tildeling
BJØRN VIKI	Snøskuter	kr 20 000
VILDE KETILSDOTTER HOMME	Snøskuter	kr 20 000
DANIEL HARSTAD	Snøskuter	kr 20 000
ALEKANDER STRAUME	Langrenn	kr 15 000
HEGE VIKI	Snøskuter	kr 20 000
LUKAS HELLE	Snøskuter	kr 20 000
TORLEIV HÅKON HELLE	Snøskuter/motocross	kr 10 000
VICTORIA STRAUME	Langrenn	kr 10 000
LOTTA ÅMLID RINDEN	Langrenn	kr 10 000
SOFIA NAIMA BERG	Kveding	kr 10 000
<b>Totalt</b>		kr 155 000

Vedteke Levekårutvalet PS 19/25

## Elevplass Valle kulturskule 2025-2026

### Nye elevar:

Ordinær elevplass i Valle kulturskule er vanlegvis for elevar i 1.klasse og oppover. Elevar i 1.-4. trinn får undervising i SFO-tid.

Nybyrjarar kan ofte få tilbod om undervising i små grupper, men vi legg generelt mykje vekt på samspel.

Vi tek også inn elevar frå vidaregåande skule, og vaksne dersom kapasitet.

Søknadsskjema på [www.valle.kommune.no](http://www.valle.kommune.no) / Kultur og fritid.

Frist 15.mai.

### Elevar som alt har plass:

Viss eleven skal halde fram med same tilbod som før i kulturskulen må føresette logge inn i SpeedAdmin og **re-registrere** eleven.

Også viss eleven skal slutte skal dette registrerast i SpeedAdmin.

Føresette kan også byte instrument for eleven i SpeedAdmin.

Frist: 15.mai.

Viss du som føresett skal gjere endringar i tilbodet barnet ditt har i kulturskulen, må du hugse å alltid logge inn med ein og same brukar. Dette er den brukaren du/de fekk ved første gongs innlogging/påmelding til kulturskulen. Viss du har fleire barn du skal registrere nyttar du framleis denne brukaren.

Spørsmål? Kontakt [torunn.charlotte.nyberg@valle.kommune.no](mailto:torunn.charlotte.nyberg@valle.kommune.no)

**Frist for innsending til Bygdenytt  
for juni er 20. mai.**

**HUGS å sende informasjon om  
arrangement og aktivitetar til oss på  
[sentralbord@valle.kommune.no](mailto:sentralbord@valle.kommune.no), så legg  
vi det inn i aktivitetskalenderen på  
heimesida til Valle kommune!**

## Firemannsbustaden i Leite

**Arbeidet til firemannsbustaden har starta opp, og det er Terrengtransport AS som skal utføre grunnarbeidet. Vegen opp til dagsturhytta er justert litt lenger nord, slik at ein ikkje kjem i konflikt med anleggsområdet. Anleggsområdet er avsperra med plastgjerde, og vi ber alle om å respektere skilt og gjerde.**

I nedre del av tomta skal det byggjast ein natursteinsmur slik at tomta kan fyllast opp med stein, og dei har alt kome godt i gong med muren. Straumskåpet som sto i tomtegrensa er flytta, og etter at muren er ferdig vil dei byrje å fylle opp tomta lagvis med stein. Grunnarbeidet er forventa ferdig 26.mai, og då skal Evje Bygg AS overta arbeidet med å byggje firemannsbustaden.



## Nye Valle kultursenter

Mesteparten av innvendig betongarbeid er no ferdig på kultursenteret, og limtresøyler og fagverksdragarar kom på plass like før påskeferien. Hittil har det vore vanskeleg for publikum å fylge med på framdrifta av prosjektet, men no ser ein tydeleg framdrift når bygningselement over bakken kjem på plass. No er det mogeleg å sjå litt av størrelsen på bygningsmassen, og like etter påske starta montasje av betongdekke (golv) og deretter ytterveggs elementa. PK Entreprenør melder at prosjektet er i rute, og vi har heldigvis ikkje hatt uhell på byggeplassen som har medført skade på utstyr eller personell.



### INFORMASJON OM 17. MAI TOGET 2025

Toget stiller opp etter at kransenedlegginga ved Hylestad kyrkje er ferdig. Vi oppmodar alle frammøtte til å vere stille medan det er tale ved bautaene. Etter talen finn alle elevar sine klassekontaktar som står med klassefana. Leiar i FAU i barnehagane har barnehagefanene. Vi stiller opp i denne rekkekølja:

Ordførar (flaggberar) og vimpelhaldarar

17. maikomiteen

10. klasse

1. klasse- 9. klasse

Hylestad barnehage (med føresette)

Valle barnehage (med føresette)

Føresette skulen og bygdefolk

I 17. maitoget skal kun klassekontaktane gå saman med elevane i klassetoget. Vi ønsker at alle føresette og bygdefolk stiller seg langs ruta frå Hylestad kyrkje og opp mot soknehuset, ropar hurra til toget som kjem forbi og syng med! Dei som står langs ruta kan hekte seg på når toget passerer toget. Slik håper vi å få til ei levande rute for alle som går i toget.

FAU har laga ein konkurrans for alle klassar. Det står anonyme dommarar langs ruta, og dei 3 klassane som utmerker seg mest positivt i toget vil bli premierte med ei pengegåve til klassekassa.

Songar vi skal syng i toget:

Norge i rødt, hvitt og blått

17. mai song (Tenk at nå er dagen her)

Alle fugler

Når toget kjem fram til soknehuset skal vi syng «Ja vi elsker» og leikarringen skal opptre før resten av programmet med leikar og mat startar.

Helsing FAU ved Valle skule

## Valle Allidrettsklubb

Velkommen til samling i Vallehalli

**fredag 23. mai kl. 19.00-22.00.**

Det blir kiosk, andakt og turnering med premiar!

Vel møtt!





Valle

## **INNBYGGJARVERKSTAD:**

## KULTUR, FRITID OG AKTIVITET I VALLE KOMMUNE

### **Program:**

## 1. Kort inforunde:

- ⇒ Det kommunal tilbodet innaføre **kultur og fritid**
  - ⇒ **Nye Valle kultursenter**, presentasjon av teikningar
  - ⇒ Utvalde resultat frå ungdomsundersøkinga **UngData**
  - ⇒ Arbeidet med ny samfunnsdel i kommuneplanen

## 2. Matpause.

### **3. Verkstad med følgjande tema:**

- 1. Nye Valle kultursenter:** Kva for aktivitetar ønskjer vi å fylle det nye kultursenteret med? Korleis kan kultursenteret bli ein møteplass for alle i alle aldrar?
  - 2. Det kommunale fritidstilbodet:** Korleis kan/bør det kommunale tilbodet organiserast, ikkje minst med tanke på barn og unge?
  - 3. Samarbeid mellom ulike lag og organisasjonar, det kommunale, foreldre og andre aktørar:** Korleis få flest mogeleg med? Kva kan vi konkret gjere for å leggje til rette for samarbeid, og koordinere arrangement og aktivitetar?

## ONSDAGSKAFÉEN

Hjarteleg velkomen til onsdagskafé onsdag kl. 10.30 på Valle Bygdeheim!

Her er det og råd å kjøpe seg middag for ein billig penge, og ofte har vi besøk med underhaldning, ein liten konsert eller anna.

### Program for onsdagskafeen i mai:

7. mai: Seniorklede

14. mai: Andakt og sosialt samvær

17. mai: Feiring på Valle bygdeheim. Treng du skyss kan du kontakte 945 04 448 mellom kl. 7 og 15 dagen før.

21. mai: Sosialt samvær

28. mai: Kulturskulens sommarkonsert

### INVITASJON:

#### 17. MAIFEIRING PÅ VALLE BYGDEHEIM

17.mai er ein dag for feiring i Valle kommune og i resten av Noreg. Vi ønskjer med dette å invitere deg til samling på Valle bygdeheim denne festdagen.

I Valle startar den offisielle delen av dagen med eit kort festprogram på bygdeheimen kl. 1030, med tale ved Ordførar og kulturinnslag ved elevar og leikarring frå Valle kulturskule. Om lag kl. 1130 svingar kortesje med pynta bilar og veteranbilar innom bygdeheimen.

Valle Radio har sending heile dagen, og kl. 1500 er det direkte videooverføring frå festprogrammet i Hylestad soknehus til dagsenteret.

#### PROGRAM PÅ VALLE BYGDEHEIM 17.MAI 2025:

Kl. 1030: Festprogram med tale ved Ordførar, kulturinnslag ved Valle leikarring.

Kake og kaffi.

Ut og sjå på biltogget når det kjem om lag kl. 1130.

Kl. 1300: Felles festmiddag (eiga påmelding)

Kl. 1430: Videooverføring frå Hylestad soknehus og kaffi.

Program:

- Musikalske innslag ved elevar frå Valle kulturskule
- Tale for dagen ved Torbjørn Frøysnes
- Utdeling av Valle kommune sin byggjeskikkpris
- Utdeling av Valle kommune sin kulturpris 2025

Påmeldingsfrist for 17.mai festmiddag: 12.mai til kjøkkenet på tlf. 945 04 446, pris kr. 100.

Valle kulturskule inviterer til

# SOMMARKONSERT

VALLE BYGDEHEIM, DAGSENTER  
ONSDAG 28.MAI KL. 11.00-12.00

Onsdagskafeen startar som vanleg kl. 10.30.

Gratis inngang. Alle er hjarteleg velkomne!

## VALLE KULTURSKULE 2025-2026

### Hos oss kan du lære

- Song
- Piano
- Gitar - klassisk gitar, el-gitar, bassgitar, ukulele
- Trommer/slagverk, djembe
- Fiolin
- Breiddetalbod nybyrjar
  - eleven blir kjent med og får prøve ut flere instrument
- Dans
  
- Hardingfele
- Kveding
- Munnharpe
- Leikarring / dansering

### Nye tilbod:

- Teater
- Digital musikkproduksjon (launchpad / DJ)

### Nye elevar:

Ordinær elevplass i Valle kulturskule er vanlegvis for elevar i 1.klasse og oppover. Elevar i 1.-4.klasse får undervising i SFO-tid.

Dersom fleire nybyrjarar søker på same instrument organiserer vi ofte undervisinga i små grupper.

Vi tek også inn elevar frå vidaregåande skule, og vaksne dersom kapasitet.

Søknadskjema på [www.valle.kommune.no](http://www.valle.kommune.no).

Frist nye elevar: 15.mai.

### Elevar som allereie har plass:

Dersom eleven skal halde fram med same tilbod må føresette logge inn i SpeedAdmin og re-registrere eleven. Der kan de også bytte instrument.

Dersom eleven skal slutte må også dette registrerast av føresette i SpeedAdmin.

Frist re-registrering eller endring av instrument: 15.mai.



## Valle kulturskule

Spørsmål? Kontakt leiar Kultur og fritid, [torunn.charlotte.nyberg@valle.kommune.no](mailto:torunn.charlotte.nyberg@valle.kommune.no), tlf. 970 61 587.



Stad: Sæbyggjen  
Dato: Tysdag 13. mai  
Tid: 19:00

## FOREDRAG MED RONNY STAVSHOLT

I tre veker var Ronny i Los Roques, ein atoll utanfor Carcas i Venezuela. Turen var organisert. Denne kvelden viser han bilete og filmar, og tek òg med utstyr han hadde med og brukte på reisa.

Det vert enkel servering.

Arrangør: Folkeakademiet Valle  
Billettar: Kr 50 / Gratis for dei under 25 år

FOLKE  
AKADE  
MIET

Kulturskulane Bykle, Valle og Bygland og Evje og Hornnes samarbeider om tilbod i

## FOLKEMUSIKK!

Valle, Bykle og Bygland samarbeider om det interkommunale folkemusikk-tilbodet munnharpe, hardingfele, kveding og leikaring i kulturskulen. Dette er ei satsing på UNESCO Setesdal og den immaterielle kulturarven.

Nye elevar får høve til å prøve ut ulike instrument, og det blir mykje samspel. Det kan også bli aktuelt å gi gruppeundervisning dersom fleire nybyrjarar søker på same instrument.

Tilboda gjeld føretrinnsvis elevar frå Bygland, Valle og Bykle kommunar. Dersom kapasitet kan også elevar frå Evje og Hornnes få plass. Ta kontakt med din lokale kulturskule dersom du har spørsmål.

Søknadsfrist for hovudopptak skuleåret 2025-2026 er 15. mai!

Søk her:  
<https://valle.kommune.no/tenester/kultur-og-fritid/kulturskule/>



## Valle Radio sendeplan for mai:

Valle Radio har sending kvar tysdag frå kl. 18 til 21.15.

Frå april skal kommunestyremøta vere på dagtid kl. 10.00, og Valle Radio sender sjølv sagt desse også.

### Kommunestyremøte i mai og juni:

Onsdag 28. mai kl. 10.

Onsdag 25. juni kl. 10.



Valle Radio har også onsdagssendingar frå kl. 18 til 21.15 dei dagane det ikkje er kommunestyremøte.

# VELKOMEN TIL HELGEOPEN IDRETTSHALL

FREDAGAR KL. 15-20, LAURDAG-SUNDAG KL. 08-20

## Trivselsreglar:

1. Alle ryddar etter seg sjølve og dei som dei er saman med.
2. Alle kan også rydde etter andre dersom det trengst, for hallen må vere rydda når dørene stenger.

Eitt av utstyrlagera er ope og kan nyttast når det er meiopen (ubemanna) idrettshall. Hugs: «Det eg har brukt, skal eg leggje på plass.» Også sjølv om nokon andre allereie hadde henta fram utstyret før du kom.

To garderobar/toalett vil vere opne. Fint om alle bidreg til å halde det ryddig der også!

Barn under 12 år skal vere i følgje med vaksen.

Tlf. nr. teknisk vakt: 970 03 800



## Meiopen Idrettshall

Etter eit vellykka forsøk med meiopen – altså ubemanna – idrettshall i påska vil vi halde fram med å ha Vallehalli open i helgene. Vi håpar at alle vil bidra til at ordninga fungerer, då vi trur at dette tilbodet kan vere til stor glede for mange.

**Vi oppmodar alle til å ta del i felles ansvar for rydding, og for å vere med på å gjere Vallehalli til ein trygg og triveleg møteplass.**

Merk: I dei tilfella der det skal vere spesielle arrangement i hallen vil desse arrangementa har «førsterett». Sjekk gjerne derfor [aktivitetskalenderen](#) på Valle kommune si heimeside, så ser du om hallen er opptatt og slepp bomtur. I skrivande stund er det kun ein dato denne våren hallen er opptatt:

**23.mai – allidrett.**

## Velkommen til fjellkyrkjestemnet i Skafsåheii Fjellkyrkje 1. pinsedag

**KL. 1100: Gudsteneste v/Hallvard Jørgensen**

**Gjest: Tore Thomassen**


Matøkt oppe ved Café Hallbjønn  
Lapskaus med kaffi og kaker kr. 225,-

Etter matøkta samlast vi i Fjellkyrkja der den kjente trubaduren og visesongaren Tore Thomassen vil gje oss ei munter forestilling.

Høve til å gje ei gåve til drift av Fjellkyrkja.

**Velkommen denne pinsedagen!**

Arr: Kyrkja og  
Fjellkyrkjelaget



## Valle og Hylestad sokn kunngjeringar

Ny «**Forskrift om gravplassvedtekter, Valle kommune, Agder**» ligg på Lovdata.no og tek til å gjelde 1. mai 2025. Frå same tid blir «**Vedtekter for kyrkjegardane i Valle kommune**» frå 1992 oppheva.

Minnelunden på Hylestad er no godkjent, og ein kan ta den i bruk frå same tid.

Det er nye prisar på festeavgift og tenester i samband med gravferd og drift av gravplassane i Valle.

Sjå meir på heimesida vår <https://valle.kyrkja.no/>

### LEDIGE STILLINGAR I KYRKJA

Ledig stilling 100% kyrkjeverje / kyrkjelydsarbeidar i Valle og Hylestad sokn.  
Søknadsfrist 25. mai 2025

### NOMELAND BEDEHUS

**Møte med Jan Bygstad**  
Måndag 5. mai kl 19.00  
Tysdag 6. mai kl 19.00



Jan Bygstad har vore prest i meir enn 40 år. Først for Den norske kyrkja i 20 år, og deretter 22 år i Det evangelisk-lutherske kirkesamfunn (DELK). Bygstad er også leiar i «For Bibel og Bekjennelse» (FBB). Me ser fram til to møte med ein svært kunnskapsrik forkynnar!

**Alle er velkomne!**



**HUGS å sende informasjon om arrangement og aktivitetar til oss på [sentralbord@valle.kommune.no](mailto:sentralbord@valle.kommune.no), så legg vi det inn i aktivitetskalenderen på heimesida til Valle kommune!**

## KYRKJA I MAI

### Hylestad soknehus

**17. mai-gudsteneste kl. 16.30.**

### Hylestad kyrkje

**Konfirmasjonsgudsteneste laurdag 31. mai kl. 11.00.**

### Valle kyrkje

**Konfirmantane si gudsteneste torsdag 22. mai kl. 17.00.**

Konfirmasjonsgudsteneste laurdag 7. juni kl. 11.00.

**Andakt på Valle bygdeheim onsdag 14. mai kl. 11.00.**

Ønskjer du å vere med i ei bibelgruppe kontakt Sissa Ringstad. Tlf. 97784706 eller på e-post: [anne.ringstad@valle.kyrkja.no](mailto:anne.ringstad@valle.kyrkja.no)

Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe Astrid Nomeland, tlf. 911 84 706.

Kyrkjekontoret i Valle,  
tlf. 977 84 706,  
e-post: [post@valle.kyrkja.no](mailto:post@valle.kyrkja.no)



**DEN NORSKE KYRKJA**

Valle og Hylestad sokn

*Meir himmel på jorda*

# Skule-NM i gull- og sølvsmedhandverk er no vel gjennomført med verdige deltakarar og vinnarar.

Over to dagar, 8. og 9. april, gjennomførte Setesdal VGS avdeling Valle skule-NM i gull- og sølvsmedhandverk i samarbeid med Agder fylkeskommune og Worldskills Noreg.

Oppgåva skulle designast ut frå tanken om demokrati og demokratiske prosessar. Det var ein fast del av designet med ei ramme i sølv på 30mm x 30mm, 3mm brei og 1mm tjukk som skulle ha 90° i alle hjørne. Kandidatane hadde vidare fleire dimensjonar med sølv tilgjengeleg som dei kunne bruke til sitt design.

Det var seks fantastiske deltakarar frå Edvard Munch VGS (Solveig Langset, Andreas Ø. Clausen, Yrr I. G. Berg) og Setesdal VGS (Aurora G. Holgersen, Helene Marie Årsbog og Åse Ragnhild Øvreness). Det var Aurora Granum Holgersen som gjekk av med sigeren.

Dommarane (Ørnulf Hasla og Camilla Victor) måtte fram med superlativa over kva elevane hadde fått til med tanke på design og tid tilgjengeleg for det fysiske arbeidet (12 timer).

Før konkurransen starta heldt ordførar i Valle kommune, Lars Tarald Myrum, ein inspirerande tale om tydinga og den kulturelle tilknytinga gull- og sølvsmedfaget har til Valle og Setesdal. Dette vart følgt opp av ein lidenskapeleg dommar og gull- og filigranentreprenør, Ørnulf Hasla. Vi var også så heldige å bli underhaldne på banketten av Sigurd Brokke med fantastiske historier og munnharpespel. Leiar av utdanning og folkehelse i Agder fylkeskommune, Rune Frustøl, heldt ein flott tale på banketten.



## Kursplan haust 2025

Medlem i Valle- og Hylestad bygdekvinnelag, Bondelaget eller Skogeigarlaget betalar 40 kr. pr. kurstime medan andre betalar 60 kr.pr. kurstime. For å betale medlemspris må ein personleg vere innmeldt i eit av desse laga innan kursstart.

For alle kursa gjeld det at deltakarane må ha fyllt 14 år i løpet av 2025.

Kurs:	Innhald:	Lærar:	Tidspunkt og sted:	Pris og påmelding:
Setesdalsstakk	Saume og brodere stakk til jente eller dame	Ann Helen Helle-Schage	Oppstart måndag 1.sept. KL.17-22. Setesdalsmuseet på Rysstad	Kr.4800/7200 + materiell  Maks 6 stk. Påmelding til Kristin Nomeland innan 15.august
120 timer				
Gutekjole	Saume og brodere kjole til liten gut.  Dette er ein kjole som i gamle dagar var vanleg å bruke på små gutter fram til dei var «tjurre».	Laila Rysstad	Oppstart tysdag 12.aug. KL.17.00 Setesdalsmuseet på Rysstad	Kr.2000/3000 + materiell  Maks 6 stk. Påmelding til Marit Werner Berg innan 12.juli
50 timer				

 60 timer	 10 timer	 10 timer	 6 timer	<b>Teplingjure</b> Veve teplingjure på flatvev Karin Bøe Oppstart torsdag 4.sept. KL.17-22 Venemold Kr.2400/3600 + materiell Maks 6 stk. (dersom det er 6 ledige stolstar) Påmelding til Kristine Jore innan 15.aug.  <b>Bakekurs</b> Bake lefse og braud. 2.laurdag kan ein velgje sjølv kva ein vil bake. Til dømes eplekaker eller hardangerlefser. Anna Rystad og Inger Liv Rystad Laurdag 11.okt. og 18. okt. KL.10-15 I bakekjellaren på Valle skule Kr.400/600 + tilfang Maks 8 stk. Påmelding til Ingunn A. Bratteland innan 15.sept. Ved stor pågang vert det sett opp ekstra kurs to laurdagar i november
				<b>Jolekuler</b> Strikke jolekuler i ulike størrelser Marianne Solbakk Lye Onsdag 5.nov. og 12.nov. KL.18-21 Husfliden Kr.240/360 + materiell Maks 10 stk. Påmelding til Ingunn A. Bratteland innan 15.okt.

### Kontaktpersonar til kursa:

Kristin Nomeland: tlf.995 38807, e-post: [nomelandkristin@gmail.com](mailto:nomelandkristin@gmail.com)

Marit Werner Berg: tlf.905 10718, e-post: [maritwerner@yahoo.no](mailto:maritwerner@yahoo.no)

Ingunn Anette Bratteland: tlf.997 14073, e-post: [ingunn73@hotmail.com](mailto:ingunn73@hotmail.com)

Kristine Jore: tlf. 482 03216, e-post: [kristinejore66@gmail.com](mailto:kristinejore66@gmail.com)

- Kursa må ha minimum 5 påmelde for at dei vert sett i gong.
- Kursa skal betalaast på vipp til kontaktpersonen første kursvelden
- Lenre kurs som går over to semester skal betalaast i to omgonger. Halve kurset på hausten og halve på våren.
- Me er også på Facebook :»Studieforbundet kultur og tradisjon Valle»

MOTOR OG VATN • MAT OG HANDEL • DANS OG SPETALJAR

23. - 25. MAI

# Hylstringen 2025

SØLVGARDEN HOTELL OG FERIESENTER • RYSSTAD I SETESDAL

## FREDAG 23. MAI

- 17:00 Kurs i folkemusikk  
Riddersalen



- 21:00 Utekonsert med

## RØINE, WARG, OPHEIM



- 22:30 Folkemusikkpub

Open scene – ta med elge instrument!

## LAURDAG 24. MAI

- 10:00 Kurs i folkemusikk  
Riddersalen

- 12:00 Valle Leikarring

- 15:00 Konsert med  
**HYLSTRINGEN  
BYGDEBAND**



- 16:00 Auksjon  
Tappebui

- 21:00 Konsert med  
**HYLSTRINGEN  
BYGDEBAND**

- 22:30 Utendans med

## STAUT



## AKTIVITETAR LAURDAG



FOTO: BJØRN JØRDAL  
SUP/kano  
Marknad C-felt  
Auksjon Tappebui  
Luftgevær C-felt  
Aktivitetar for barn/ungdom  
Vannscooter med H&H Motor  
Ølbrygging med Bygland Bryggeri C-felt



## SUNDAG 25. MAI

- 12:00 Veteranbiltreff

Helga avsluttes med eit veteranbiltreff.  
Ta gjerne med doningen din!



## BILLETTAR



## ARRANGØR



## SPONSOR/SAMARBEIDSPARTNER



## MAT & DRIKKE



### FREDAG

Frukost 07:00–09:30  
Lunsjbuffet 11:30–14:00  
Restaurant 12:00–21:00  
Smedens Bar 13:00–02:00  
Pizzabuffet 18:00–20:00  
Tappebui 20:00–01:00

### LAURDAG

Frukost 08:00–10:30  
Restaurant 12:00–21:00  
Smedens Bar 13:00–02:00  
Tappebui m/grill  
12:00–17:00 og 20:00–01:00

### SUNDAG

Frukost 08:00–10:30  
Restaurant 12:00–21:00

## UTSTILLARAR

RysstadSylv  
EIK Senteret  
Hylestad Auto  
Jaktcompagniet  
Lokalmat Setesdal  
Setesdal Hud & Velvære  
Hylestad Bygdekvinnelag  
Bygland Bryggeri  
Bøggis Bakevarer  
mfl.

## BILLETTAR



## OVERNATTING



[www.setesdal.com](http://www.setesdal.com)  
[www.solvarden.no](http://www.solvarden.no)



## INFORMASJON

Parkering kr 100,-

**Utedans med Staut:**  
Dørene opner kl. 20:00  
D-felt, 18 års aldersgrense  
C-felt, 9. klasse med foresatt

Følg oss på Facebook!

Fullt program:  
[www.hylstringen.no](http://www.hylstringen.no)



*Bli med på ein festival fylt med  
folkemusikk, dans, lokale varer og aktivitetar  
som passar for alle aldrar!*



Solvarden

Solvarden Hotell og Feriesenter

Tlf. 37 93 61 30 • Setesdalsvegen 3214 • N-4748 Rysstad • [post@solvarden.no](mailto:post@solvarden.no) • [www.solvarden.no](http://www.solvarden.no)



# Bygdekinoen

**MÅNDAG 12. mai**



## Kl. 1700 - 6 år. Hundemannen

Ein underhaldande film for heile familien, basert på den populære bokserien frå skaparen av Kaptein Supertruse. Hundemannen er verdas beste politi! Han er halvt menneske, halvt hund, og blir driven av instinkta sine. Hans største mål er å beskytte og hjelpe menneska han bryr seg om. Når katteskurken Petter trugar med å øydelegge byen, står Hundemannen klar. Med morosame karakterar, absurd humor, slapstick og visuelle godbitar, vil denne filmen underhalde både store og små.



## Kl. 1900 - 12 år. Thunderbolts\*

I Thunderbolts\* samlar Marvel Studios ei ukonvensjonell gruppe antiheltar — Yelena Belova, Bucky Barnes, Red Guardian, Ghost, Taskmaster og John Walker. Antiheltane må leggje ut på eit oppdrag der dei blir tvinga til å konfrontere sine mørke fortider. Vil denne dysfunksjonelle gruppa rive kvarandre i filler eller vil dei forenast om noko større?

**MÅNDAG 26. mai**



## Kl. 1700 - 6 år. Lilo og Stitch

Ei morosam og rørande historie om ei einsam jente frå Hawaii og eit romvesen på rømmen.



## Kl. 1900 - 12 år. Mission impossible—The Final Reckoning

Alle oppdrag har leda opp til dette. Liva våre er summen av vala våre. Tom Cruise er ikoniske Ethan Hunt i *Mission: Impossible - The Final Reckoning*. Serien sitt åttande kapittel.

**Kjøp gjerne kinobillett på [www.bggdekinoen.no](http://www.bggdekinoen.no).**  
Der finn du også info om komande filmar.

**Film er best på kino - støtt din lokale kino!**

**Vi har eigen kinokiosk med nypoppa popcorn og litt anna snacks og drikke. Velkommen skal du vere!**

## TORSDAGAR I VALLE BIBLIOTEK

**Kl. 1700-1800: Song for alle.**

**Uformell songstund for vaksne som liker å synge.**

**Kl. 1800-1930: Språkkafe.**

**Vi pratar, spelar spel, drikk kaffi/te med meir.**

## Kva skjer? Aktivitetkalenderen - Valle kommune

05.05. Kl. 17.	Innføring i bruk av hjartestarter, Vallehalli
05.05. Kl. 19.	Møte med Jan Bygstad, Nomeland bedehus
06.05. Kl. 19	Møte med Jan Bygstad, Nomeland bedehus
06.05 Kl. 18	Innbyggjarverkstad, Hylestad soknehus
07.05. Kl. 1030	Seniorklede, Valle bygdeheim
08.05. Kl. 18	Medlemsmøte i Norsk Folkehjelp Setesdal, Øyne brannstasjon
8.05. Kl. 17/19	<b>Bygdekinoen</b>
13.05. Kl. 19	Foredrag med Ronny Stavsholt, Kyrkjestoga
14.05. Kl. 1030	Andakt på bygdeheimen
15.5. Kl. 10	Foreldrefestival, Hylestad soknehus
17.05.	17 mai feiring, Hylestad soknehus
22.05. Kl. 17	Konfirmantane si gudsteneste, Valle kyrkje
23.05. Kl. 19	Allidrett, Vallehalli
23-25.5 Kl. 10	Hylstringen, Sølvgarden hotell og feriesenter
26.05. Kl. 17/19	<b>Bygdekinoen</b>
28.05. Kl. 11	Kulturskulens sommarkonsert, Valle bygdeheim
31.05. Kl. 11	Konfirmasjonsgudsteneste, Hylestad kyrkje
07.06 Kl. 11	Konfirmasjonsgudsteneste, Valle kyrkje
08.06. Kl. 11	Fjellkyrkjemnet, Skafsåhei Fjellkyrkje
11.06. Kl. 11	Konsert med Hans Inge Fagervik, Valle bygdeheim